



Vår dato:

24.03.2020

Vår ref:

2020/1548

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

«MOTTAKERNAVN»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«ADRESSE»

Sissel Hol, 71 25 84 49

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

## Invitasjon til innspel om skjønnsmidlar og Fylkesløft for 2021

Fylkesmannen inviterer kommunane i Møre og Romsdal til å kome med innspel til skjønnstildelinga for 2021. Ein del av skjønnsramma skal gå til innovasjon og utvikling i kommunane. Satsingsområda for 2021 står lista opp under *Fylkesløft*.

Regjeringa har også lagt til ein ekstraordinær krisepott for 2020 på om lag 10 millionar for Møre og Romsdal.

Fylkesmannen tildeler kvart år skjønnsmidlar til kommunane og har ansvaret for å kome fram til ei god og rettferdig tildeling av skjønnsmidlane mellom kommunane i fylket. Innspel frå kommunane er viktig for å oppnå ei så rettferdig tildeling som råd.

Retningslinjer for skjønnstildelinga og skjønnsramma som skal tildelast i 2021 kjem ikkje før i august, og det er først da vi får vite kor stor ramma for Møre og Romsdal blir. Vi har som mål å tildele så mykje som mogleg av ramma til statsbudsjettet den 7.oktober, slik at skjønnsmidlane til kommunane er kjent før det nye året startar.

### Tildeling av skjønnsmidlar

Vi ønskjer innspel på vesentlege utgifter som kommunen ikkje kan påverke sjølv, og som ikkje blir kompensert i stor nok grad gjennom andre tilskot. Innspela frå kommunane vil bli vurdert i forhold til m.a. inntektssystemet og andre tilskotsordningar, og i høve til gjennomsnittlege utgifter knytt til innspelet for kommunane i fylket i den grad det lar seg gjere. Vi har utvida fristen for søknad om skjønnsmidlane til 30. juni 2020.

Vi vil uansett vurdere følgande kriterie i tråd med praksis frå tidlegare år:



## Språkdeling

Kommunar som må opprette eigne klassar som følgje av pålagt språkdeling, vil få kompensasjon. Vi nyttar tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) og har såleis ikkje behov for ytterlegare innspel om kommunen ikkje finn det naudsynt.

## Barnevern

Vi nyttar allereie innsamla statistikk frå kommunane og kompenserer dei kommunane som har relativt mange barn under omsorg i høve til gjennomsnittet for fylket. Kommunane med mange barn under omsorg vil bli ivaretaken gjennom eksisterande rapportering. Om kommunen har synspunkt utover dette kan det spelast inn.

## Skyss av helsepersonell

Kommunar som har store utgifter knytt til transport av helsepersonell (til dømes med ambulansebåt) får kompensert ein del av dei ekstra utgiftene. Vi ber dei aktuelle kommunane sende inn dokumentasjon for slike utgifter. Vi gjer merksam på at det berre er dei som sender inn dokumentasjon som vil bli delvis kompensert.

## Ressurskrevjande tenestemottakarar

Kommunar som har høgare utgifter enn gjennomsnittet i fylket vil få kompensasjon. Vi nyttar rapporterte tal til Helsedirektorat i toppfinansieringsordninga.

## Spesielle saker

Kommunane kan spele inn vesentlege utgifter som kommunen sjølv ikkje kan påverke. Desse kan vere av midlertidig karakter. Døme på saker vi har kompensert i tidlegare år er flaum, steinskred og fleire liknande saker.

## Ekstra krieskjønn for 2020

Utbrotet av korona-viruset gir mange kommunar auka kostnader. Heile landet står i ein krevjande situasjon, og vi må rekne med at kommunane sine utgifter vil auke i denne perioden.

Regjeringa har lagt til ein ekstraordinær krisepott på 250 millionar kroner for 2020 og for kommunane i Møre og Romsdal vil dette utgjere om lag 10 millionar kroner som kommunane kan søkje på. Dei kommunane som har hatt ekstraordinære kostnadane i samband med korona-viruset kan søke her.

- Innspel om skjønnsmidlar kan sendast til [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no).
- Merk sendinga 2020/1548
- Søknadsfrist for skjønnsmidlar og ekstra krieskjønn er **seinast den 30. juni**

## Fylkesløft

I samband med omlegginga av skjønnsmidlane dei siste åra, så ønskjer vi og ei dreiling av prosjektskjønn til i større grad å bidra til *Fylkesløft*. Regionreforma medførte færre og



større fylker/regionar. Prosjekt *Møre og Romsdal 2025* er etablert som ein følge av regionreforma, og fordi vi ikkje skulle slå oss sammen med andre. Det er difor viktig for vidare utvikling av alle kommunane i Møre og Romsdal at vi jobbar enda meir samordna i regional stat og med fylkeskommunen, slik at vi kan posisjonere oss inn i det nye regionlandskapet. Fylkesmannen ser difor for seg at store deler av prosjektskjønnsmidlane dei neste åra vil bli prioritert til tiltak som **vil vere eit løft for alle kommunane i fylket.**

Etableringa av akuttberedskap innan barnevern er eit godt eksempel på eit slikt fylkesløft for tidlegare år. Her vart det gitt skjønnsmidlar over 2 år, slik at akuttberedskapen i kommunane vart prioritert. Dette er no over i ein driftsfase, som kommunane sjølv må finansiere.

Kommunesektoren er i omstilling med utfordringar knytt til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetting om å effektivisere drifta. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikle og modernisere kommunesektoren. Fylkesmannen ønsker å stimulere kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. I hovudsak prioriterer vi å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

#### Satsingsområde for *Fylkesløft* i Møre og Romsdal i 2021:

##### 1. Berekraftsfylket Møre og Romsdal

Innunder paraplyen «Møre og Romsdal 2025» har Fylkeskommunen tatt initiativ til at vi har blitt det første berekraftsfylket i landet. Ålesund, Molde og Kristiansund er allereie i gang med å utarbeide statistikk som svarar ut systemet med 92 indikatorar i FN sitt berekraftsprogram (U4SSC). Vi ønsker at fleire kommunar går saman om dette og ser for oss ei satsing over to år, med til dømes ei koordinatorstilling i kvar region.

##### 2. Klima og omstilling

Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med klimatilpassing og reduksjon av klimagassutslepp. Kommunane kan søke om midlar til å utarbeide kommunale planer med vekt på klimaomsyn, klimabudsjett og klimarekneskap, samt konkrete tiltak som kan gjennomførast for å redusere utsleppa. Fylkesmannen oppfordrar til forpliktande samarbeid mellom kommunar. Mange av kommunane har allereie oppretta plansamarbeid som kan nyttast til å sikre at klimaomsyn vert vurdert og tatt med i all planlegging.

##### 3. Digital forvaltning, med vekt på brukarvennlege tenester og innhald:

Digitalisering handlar om å ta i bruk teknologi til å fornye, forenkle og forbetre. Det offentlege skal tilby nye og betre tenester, som er enkle å bruke, effektive og pålitelege. Digitalisering av arbeidsprosessar og tenester (digitalt førsteval) er eit sentralt verkemiddel i dette arbeidet, saman med blant anna prosessforbetring og anna bruk av teknologi.



Digitalisering legg til rette for auka verdiskaping og innovasjon, og kan bidra til å auke produktiviteten i offentleg sektor. Vi ser helst at fleire kommunar søker i lag.

#### 4. Ungt entreprenørskap

For å utvikle Møre og Romsdal treng vi fleire gründerar. Det er allereie ei satsing gjennom Møre og Romsdal fylkeskommune i vidaregåande skolar. Vi ønsker at barne- og ungdomsskolane skal komme meir på banen. Det er eit klart mål å få med flest mogleg av kommunane på denne satsinga dei neste tre åra. Fylkesmannen ser for seg at kommunane kan søkje om dekning av kostnad per innbyggjar, og at eigenandelen er kommunane sin ressursbruk inn i dette. Vi ser helst at fleire kommunar søker i lag.

#### Søknadsprosedyre for *Fylkesløft*

Søknadar skal sendes gjennom den «Integrerte søknads- og rapporteringsdatabasen» (ISORD). For å ta i bruk søknadsportalen må det oppretta brukarkonto for kvar søkarkommune.

For å logge på ISORD gå til denne sida: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no/>

For meir informasjon gå inn på :

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommunal-fornying/>

#### Søknadsfrist for *Fylkesløft* er 1.september 2020.

Vi gjer samstundes merksam på at tidlegare søknadskriteria framleis er gjeldande:

- Det er berre kommunar som kan söke om midlar og stå som ansvarlege for prosjekta.
- Søknaden må kvalitetssikrast og ha godkjenning av rådmann/kommunedirektør.
- Fylkesmannen oppmodar om at kommunane samarbeider om prosjekt.
- For å sikre kommunal prioritering, er det eit krav om minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering av prosjekta.
- Søknadar som inneheld element av ordinær drift vil ikkje bli prioritert.

Vi legg opp til at kommunane søker om skjønnsmidlar til *Fylkesløft* direkte til Fylkesmannen. Som tidlegare skal det sendast søknad på eige søknadsskjema. Dette finn du her: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Den som søker må nytte Id-porten (til dømes med bank-id) og må legge inn personopplysningar, e-postadresse i kommunen, rolle (søkjar), og kommune (obligatorisk). Førespurnad om godkjenning som søker blir sendt til Fylkesmannen. Når godkjenning er gitt, kan søker gå inn på <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no> og fylle ut søknad. Søknadsperioden for 2021 er lagt opp frå 01.04.2020 til 01.09.2020.



## Rapportering

Rapportering for prosjektskjønn 2020 må gjerast i same portalen:

<https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no> .

Frist for rapportering for 2020-prosjekta er 01.06.2020.

**Spørsmål knytt til skjønnstildelinga og innspela frå kommunane kan rettast til:**

Sissel Hol            71 25 84 49            [fmmrsiho@fylkesmannen.no](mailto:fmmrsiho@fylkesmannen.no)

Anne Thorsrud      71 25 85 08      [antho@fylkesmannen.no](mailto:antho@fylkesmannen.no)

Med helsing

Berit Brendskag Lied (e.f.)  
ass. fylkesmann

Sissel Hol  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Mottakere:**

Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Sykylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG